

Bergen, 14.6.1983
OM/LM

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 68/83.

FØRESEGNER OM REGULERING AV FISKET ETTER SILD I SKAGERRAK OG KATTEGAT I 1983.

Med heimel i §§ 1 og 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brisling-fiskeriene jfr. kgl.res. av 17. januar 1964 og 8. januar 1971, og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket jfr. kgl.res. av 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 10. juni 1983 bestemt:

§ 1

I området i Skagerrak og det nordaustlege Kattegat avgrensa i vest av ei line mellom Hanstholmen fyr og Lindesnes fyr og i sør av ei line mellom Skagens fyr og Tistlarna fyr, er det forbode for norske ringnotfarty å fiske sild.

Utanfor 4 n. mil av grunnlinene frå svenske, danske og norske kystar i nemnde område, kan norske ringnotfarty likevel fiske inntil 4.000 tonn sild til menneskemat.

§ 2

Fiskeridirektøren kan i tida 1. juni til og med 24. september 1983 opne fiske i inntil 12 veker.

§ 3

Ingen kan levere meir enn 1.100 hl pr. tur.

Norges Sildesalslag kan innanfor turkvoten nemnd i første ledd fastsetje særskild turkvote for landing i Danmark.

Noregs Sildesalslag kan innanfor turkvoten nemnd i første ledd fastsetje særskild turkvote med heimel i § 5 i lov av 14. desember 1951 om omsetning av råfisk.

§ 4

Konsesjonspliktige ringnotfarty som skal ta del i fisket, må melde frå skriftleg til Fiskeridirektøren. Fiskeridirektøren kan fastsetje frist for påmelding.

Farty som er med i dette fisket, kan ikkje ta del i sommarloddefisket i Barentshavet i 1983.

§ 5

Fiskeridirektøren kan stogge fisket når kvoten nemnd i § 1 andre ledd er pårekna oppfiska.

§ 6

Det er forbode å ta opp av sjøen, låssetje eller omsetje sild mindre enn 18 cm.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan kvar landing ha inntil 10 % i vekt av sild under 18 cm.

§ 7

Ved tråling etter andre fiskeslag enn brisling er det forbode å ha meir enn 5 % sild i vekt av fangsten om bord og ved landing.

Når det er lovleg å fiske sild, kan ein ved tråling etter brisling med trål med maskevidde under 32 mm ha inntil 10 % sild i vekt av fangsten om bord og ved landing.

§ 8

Fiskeridirektøren kan gje nærare føresegner om gjennomføring og utfylling av desse føreseggnene, også reglar om prøvetaking og kontroll av fangstane.

§ 9

Forsettlege eller aktlause brot på desse føreseggnene vert straffa med bøter med heimel i § 11 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket og §. 80 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene.

§ 10

Desse føreseggnene tek til å gjelde straks. Samtidig vert Fiskeridepartementet sine føresegner av 30. desember 1982 om regulering av fisket etter sild i Skagerrak og Kattegat i 1983 oppheva.
